



ÅRSMELDING 2012/2013 for perioden 16.6.12 – 15.6.13

Styret 2012/2013: Eva Almhjell, leiar (2012-2013) og nettredaktør, Britt-Mari Sletto, nestleiar og kasserar (2012-2013)* Arild Mikkelsen, styremedlem (2011-2013), Kåre Olav Solhjell, styremedlem (2012-2014), Elisabeth Aaker, styremedlem (2012-2014). **Varamedlemmer:** Eva Cecilie Sletto (2011-2013), Eli Sælid (2012-2014), Odd Oleivsgard (2012-2014). **Valnemnd:** Knut Medhus og Turid Birgit Lien **Revisor:** Borgny Thorsrud og Rangdi Skorve Talet på styremøter: 4 Medlemstal ved årsskiftet 2012-2013: 84 Medlemskontingent: 100 kr. året

Aktivitetar

Illustrert barnebok om Per

2013 er Språkåret, og i slutten av oktober er det 50 år sidan Olav Sletto døyde. Difor gir Olav Sletto-selskapet ut ei illustrert barnebok basert på utdrag frå bok nr. 3 i PER-serien, "Per Stavlang" dette året. Anne Mari Gretteberg Gjerstad lagar illustrasjonane, og bok-lanseringa blir i slutten av oktober. Boksmia er utgjevar. Dette blir årets julegave for både liten og stor! Bokprosjektet har fått kr. 10 000 frå Hol Sparebank, og lovnad om støtte fra Hol Mållag. Vi takkar for all støtte til prosjektet!

Eva Almhjell arbeider med ein **artikkel om Anne Jensdotter Sletto**. Den kjem til hausten. Folk som måtte veta noko om Anne er meir enn velkomne til å dele med Eva.

Sunde-foredraget som Olav Sletto-selskapet sette opp 21.februar om den rettshistoriske utviklinga for "uekte" ungar måtte avlysast grunna sjukdom, men prof. Jørn Øyrehagen Sunde har lova å i staden koma til Vika velferdssenter i Hol **3. oktober 2013 (merk datoen)**.

Møtet er eit samarrangement med Hol Historielag og Kunstnartunet i Leveld, og er støtta økonomisk av Hol Sparebank.

Årshefte 2013

I Årshefte 2013 set vi søkelyset på venskapen mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Alf Larsen si 30 sider lange bokmelding av "Soga um Røgnaldfolket" har ei innsiktsgivande innleiing av Arild Mikkelsen, og Kai Jacobsen har lese Olav H. Hauge sine dagbøker og deler Hauge sine ord om Sletto med oss. Me takkar Arild Mikkelsen og Kai Jacobsen for solide og spennande bidrag.

Olav Sletto-selskapet fekk tre **bokgåver i 2012**. Ei av Arne Skogheim, ei av Knut Seim og ei av Borgny Slettemoen Tøfte og Anna Slettemoen Dahl. Tusen takk!

Olav Sletto-brev til V. Ekelund

Ragnar Ytrehus i Alf Larsens Litterære Stiftelse har funne spor etter Olav Sletto i Universitetsbiblioteket i Lund: Eit brev Sletto skreiv til Vilhelm Ekelund (sjå nettsida vår og Medlemsbrev nr. 2/2013).

Arne Skogheim seier det er fyrste gongen han har lese Sletto på "kav dansk". Men vi kjenner til at Sletto i alle fall ved eitt tidlegare høve nytta riksmål, og det var då han takka mor si for gaver ho sende etter eit besøk hjå sonen sin i Sørumsand (Eva Sletto i brev til Osvald Medhus datert 21.7.00).

Rekneskap 2012/2013 Olav Sletto-selskapet har motteke kr. 2500 i støtte til møtet med prof. Sunde og kr. 10 000 til bokprosjektet frå Hol Sparebank. Revidert rekneskap blir lagt fram i årsmøtet.

*Denne endringa vart godkjent av årsmøtet 2012 og forslag til vedtektsendring blir lagt fram for årsmøtet 2013.

For eigen del vil den nye styreleiaren få takke styret for godt samarbeid. Arild Mikkelsen tek ikkje attval grunna høgt arbeidspress. Ein spesiell takk til Arild for konstruktiv innsats i styret 2011-2013.

På nettsida vår www.olavslettoselskapet.no legg vi jamnleg ut artiklar som er av interesse for medlemene våre og andre lesarar.